



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Svanhild Aksnes, 5557 2160

Vår dato
20.03.2014
Dykkar dato
«REFDATA»

Vår referanse
2014/3859 523.3
Dykkar referanse
«REF»

Beiteland i Hordaland
Kommunar i Hordaland v/landbruksansvarleg

Utlysing av tilskot til tiltak i beiteområder 2014

Fylkesmannen i Hordaland lyser med dette ut tilskot til tiltak i beiteområder for 2014. Viser til vedlagt forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder av februar 2013 og søknadsskjema for ordninga.

Hordaland har fått tildelt ei ramme på kr 650.000,- til dette formålet i år. I tillegg kan det kome restmidlar frå Beiteprosjektet i Hordaland, då prosjektet er under avslutning.

Informasjon om tilskot til tiltak i beiteområder

Formålet med tilskotet er å leggje til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområder. Lag eller foreiningar som driv med beitebruk og som skal investere i felles tiltak og/eller planleggings og tilretteleggingsprosjekt i beiteområder kan søkje på tilskotet. Der naturgjevne eller driftsmessige tilhøve ikkje legg til rette for samarbeid har og enkelt-beitebrukarar høve til å søkje på tilskotet.

Generelt kan det gjevast tilskot til alle typar tiltak som fremjar beitebruken i eit område, men i hovudsak skal tiltaka vere stasjonære. Her nemner vi nokre tiltak som er aktuelle for tilskot, lista er ikkje uttømmande:

- Sanke- og skiljeanlegg
- Bruer dimensjonert for føring av dyr
- Tiltak mot skårfeste
- Gjetarhytter/sankehytter
- Diverse andre investeringar som til dømes saltsteinsautomatar og elektronisk overvakingsutstyr

Søknad om tilskot vert å sende til kommunen der tiltaket skal gjennomførast (beitekommunen), **søknadsfrist er 15. mai 2014.**

Kommunen skal skrive ei tilråding om tiltaket, og sende søknad med vedlegg til Fylkesmannen for avgjersle. Kommunen skal sende sakene til Fylkesmannen innan 10. juni.

Informasjon om fordeling av tilskotet

Fylkesmannen vurderer og fastset tilskotet i kvar enkelt sak. Beiteutvalet i Hordaland vert nytta som rådgjevande organ.

Det kan gjevast tilskot til faste installasjonar med inntil 50% av godkjend kostnadsoverslag. For planleggings- og tilretteleggingstiltak kan tilskotsdelen utgjere inntil 70%. Dei seinare åra har tiltak som sanke- og skiljeanlegg, bruer for føring av dyr, tiltak mot skårfeste og saltsteinsautomatar stort sett fått tilskot på inntil 50% av godkjent kostnadsoverslag.

Elektronisk overvakingsutstyr kan etter forskrifa få tilskot på inntil 70% av godkjend kostnadsoverslag. I Hordaland har vi gjeve tilskot til slikt utstyr dei siste åra, men har lagt oss på eit lågare nivå for å få tilskotet til å strekke lengre. Vi har løyvd tilskot med fast sats på kr 300,- per innkjøpt eining, avgrensa til maksimalt 5% av soyene (mordyra) i beitelaget. Vi ynskjer å auke tilskottssatsen til elektronisk overvakingsutstyr framover dersom vi har nok midlar til dette.

Det har ikkje kome inn søknader om tilskot til planleggings- og tilretteleggingstiltak dei seinare åra. For andre tiltak har tilskotsdelen vore varierande.

Det vert godkjend inntil kr 200,- per arbeidstime i kostnadsoversлага.

Ledig beitekapasitet?

Vi ynskjer å svare effektivt når spørsmål om ledige beiteområder dukkar opp. Vi oppmodar difor beitelag som ynskjer fleire beitebrukarar i sitt område om å melde frå om dette til Svanhild Aksnes på fmhosak@fylkesmannen.no

Med helsing

Åse Vaag
Ass. Landbruksdirektør

Svanhild Aksnes
Fylkesagronom husdyr

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.